

Referat frå Årsmøtet i Fogn Grendalag 10.april 2014.

Omlag 35 personar møtte fram på Fogn Grendalag sitt årsmøte arrangert på Fogn oppvekstsenter.

Leiar, Jostein Østhus, les og orienterte frå årsmeldinga om grendalaget sin aktivitet gjennom året.

Merete Kindingstad, kasserar.

Mari Anne Runestad, valet.

Heidi Bø og Ståle Runestad: skriva under protokoll.

Marianne Ward: referent.

Malvin Sandanger informerte om arbeidet til kulturgruppa.

- Kart over turstiar på strategiske stader.
- Store kart på kaiar i kommunen. Idrettslaget har fått midlar for å finansiera dette.
- Opp til styret om ein vil behalda kulturgruppa når kulturgeneral Malvin går ut av styret.
- Orienterte også om turstiar og arbeidet med å merka desse. Malvin takka gode medhjelparar.

Håvard Østhus informerte om Fogn.org generelt, samt om Grendalagsdelen.

- Frå 50 – 100 maskinar treff Fogn.org kvar dag.
- Fogn.org har fått ny layout.
- Annonseringar på Grendalagssidene:
To ulike «reklamepakkar» prissett til 4000 kroner og 1500 kroner.
Webansvarleg får 2/3 av inntektene opp til 15000 kroner, og Grendalaget får såleis 1/3.
For annonseinntekter utover 15000 kroner, får Grendalaget 2/3 av summen, og resten, 1/3, går til webansvarleg.
- Det blei også informert om sosiale medier som Instagram, Twitter og Facebook knytta opp mot Fogn.org.

Rekneskapet v/Merete: rett frå bankutskrift og godkjent av revisor, Ottar. Underskot for 2013, kr.4477.

Marianne Runestad styrte valet:

Går ut av styret:

Jostein Østhus, Inger Marie Egeland, Malvin Sandanger og Terje Kjølvik.

Sit andre året i styret:

Bjarne Bøe, Merete Kindingstad og Mari-Anne Runestad.

- Valkomiteen si innstilling til ny leiar: Kristoffer Østhus. Kristoffer blei vald. Noko diskusjon kring vedtekter for valprosedyre.
- Nye styremedlemmer valde for to år: Arnstein Bø, Janne Aano Bø og Joar Sandanger.

Varamedlemmer:

Årsmøtet valde Johannes Hovda(1) og Kathrine Flesjø(2).

Styret har diskutert å auke styret med ein ungdomsrepresentant.
Representantar frå salen meinte at dette heng saman med vedtekstendring og såleis må koma til neste årsmøte. Altså, dette kjem seinare.

Foredragshaldar for kvelden var Povl Nørgaard frå Prosjekt Livleg Engasjement.

Det blei servert særst god mat, gryterett. Kathrine, Merete og Inger Marie stod for tillaging og servering.

Jostein Østhus fekk blomar for arbeidet som leiar. Han takka Malvin, Inger Marie og Terje med roser og gode ord.

Håvard fekk blomar for godt arbeid gjennom Fogn.org.

Utlodning: mange fine gevinstar.
Merete takka for gevinstar og kjøp av lodd.

Jostein takka for kvelden kl.21.45.

.....*Heidi Bø Sangedal*.....
Heidi Bø Sangedal

.....*Ståle Runestad*.....
Ståle Runestad